

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Radøy kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 18.05.2015  
Revisjonsrapport nr.11

## **Årsrekneskapen 2014**

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2014. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Kommunen har gått over frå Agresso til Visma rekneskapssystem i 2014. Dette har mellom anna medført noko endring i kontering og føring. Dette er omtalt i innleiande note til årsrekneskapen og i kommunen si årsmelding. Her er og ein del mindre avstemningsmessige avvik som bør avklarast innan neste årsoppgjer.

### **Bygdebok**

Rekneskapsskjema 2B viser at utgifter til produksjon av bygdebok, kr 1 192 600, er ført i investeringsrekneskapen. Inntekter ved sal av bygdebok utgjer kr 267 700 og mva kompensasjon tilknytt produksjonsutgiftene kr 62 702. Nettoutgift som er ført i investeringsrekneskapen er dermed kr 862 198.

Vi viser til tidlegare revisjonsrapportar samt uttale frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk i brev til Revisjon Fjell IKS 25.04.07. Utgifter til bygdebok skal først i driftsrekneskapen og vi har difor teke atterhald på dette punktet i revisjonsmeldinga.

### **Faktureringsgrunnlag**

Deler av fakturagrunnlag er ikkje systematisk arkivert i 2014. Rutine og prosedyre for dette må innarbeidast i 2015 slik at det er god samanheng mellom fakturagrunnlag og journalar. Fakturagrunnlag er i stor grad manuelle lister og oppstillingar som blir sendt eller levert til økonomikontor for fakturering. Det bør vurderast om desse rutinane gir tilstrekkeleg sikkerhet for fullstendig fakturering eller om ein skal etablere ytterlegare kontrollrutinar.

### **Rutiner på inntektsområdet**

Under revisjon 2014 har vi besøkt legekontoret og gått gjennom rutiner for inntektsføring og kasse. I den kontrollerte perioden var det fullt samsvar mellom inntektsføring og dokumentasjon og kasserutiner var oversiktlige og fungerte tilfredstillande.

Vi har også vurdert rutiner for SFO Manger skule. Det er ingen vesentlege merknader etter denne gjennomgangen.

Innteksdokumentasjon og rutiner for Radøyhallen er kontrollert ved besøk. Rutinene er gode og tilstrekkeleg dokumentert. Vi har bedt om at innteksdokumentasjonen blir arkivert som bilag i kommunerekneskapen.

### **Utestående krav**

Overgang til nytt rekneskapssystem har medført noko forseinka innkrevjing i 2014. Vi ber om at ein arbeider vidare med dette for å kome ajour i 2015. Kommunen har gjennomført konkret tapsvurdering av utestående krav i 2014 med tilhøyrande tapsføringar. Utover dette kan det liggje tapsrisiko i resterande kortsiktige krav som bør dekkast ved rekneskapsmessig avsetning og vi ber om at dette blir vurdert i samband med tertialrapportar og budsjettjusteringar i 2015.

### **Tilvising**

Bilag som dokumenterer sosiale utbetalingar er godkjent av ein person. For å oppnå god internkontroll må også desse utgiftene vere attestert og tilvist av to ulike personar. Den som tilviser må ha skriftleg fullmakt til dette via delegasjonsreglement eller liknande. Generelt bør tilvisar være den som har budsjettansvar slik at det er ein naturleg samanheng mellom budsjettoppfølging og godkjenning av utgifter.

## Aksjar

Det er bokført tilgang av aksjar i Sambandet Vest AS med kr 110 000 i 2014. Aksjeposten er ikkje dokumentert med kopi av aksjeeigarbok og kapitalutviding framgår ikkje av Brønnøysund sine kunngjeringar om selskapet. Vi ber om at posten blir avklart i 2015 med omsyn til kommunen sin formelle eigardel i selskapet.

## Budsjett

Det fylgjer av rekneskapsforskrifta § 3 «Driftsregnskapet og investeringsregnskapet skal stilles opp i henhold til vedlegg 1 og 2 til denne forskriften og vise regnskapstall på samme detaljeringsnivå som kommunestyret og fylkestinget har brukt i årsbudsjettet.» Det står vidare i forskrift om revisjon § 3 «Videre skal revisor a) se etter at beløpene i kommunens/fylkeskommunens eller det kommunale/fylkeskommunale foretakets årsregnskap stemmer med regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå».

I årsrekneskapen for 2014 er det ein del avvik på linjenivå mellom kolonne for opphavelg vedteke budsjett og budsjettdokumentet som kommunestyret vedtok i sak 039/13 og justert 1B i vedtak 016/14. Desse påverkar ikkje budsjettert netto driftsresultat.

- I økonomisk oversikt drift gjeld dette flytting mellom postar innan driftsinntekter og driftsutgifter. Endrar ikkje brutto driftsresultat.
- I skjema 1A er netto avsetjing teke inn. Denne stod i 1B i opphavelg budsjett.
- 1B er noko omorgansiert og det er få linjer med samsvar mot opphavelg budsjettvedtak. Sum 1B i årsrekneskap viser kr 267 056. medan sum 1B i opphavelg budsjett viste kr 266 369 000. Avviket mellom desse gjeld netto disponering som i årsrekneskapen er ført i skjema 1A.
- For investeringsrekneskapen sin del er det samsvar mellom opphavelg budsjettvedtak og årsrekneskap.

På grunn av desse tilhøva vil vi ta inn presisering i revisjonsmeldinga med omsyn til samanheng mellom enkelte budsjettlinjer i vedtak og i årsrekneskapen.

Justert budsjett i skjema 1B inneheld kolonne for opphavelg budsjett justert for endringar, hovedsakleg i budsjettvedtak KS 018/14. Det er ikkje gjort budsjettendringar i 2. halvår 2014. Viser og til omtale i kommunen si årsmelding og i innleiande note til årsmeldinga.



### **Netto driftsresultat**

Kommunen har eit negativt netto driftsresultat i 2014 på kr 3,8 mill. Dette er kr 3,0 mill. svakare enn regulert budsjett. Etter disponering viser rekneskapen eit meirforbruk på kr 4,6 mill. Kommunen har disposisjonsfond pr. 31.12.14 med kr 6,1 mill. Det er dermed lite frie midlar utover årets meirforbruk. God budsjettstyring blir viktig for å kunne oppretthalda eit positivt disposisjonsfond. I samband med omlegging til nytt rekneskapssystem har det vore endringar i innhald i budsjetttrammer. Når dette er på plass blir det viktig at rammene ligg fast og at ein har løpande rapportering og nødvendig oppfølging på alle budsjettområde. Dersom det ikkje er mulig å halde budsjetttrammer må rådmannen leggje fram sak for polititisk nivå slik at det blir avgjort korleis konkrete rammeavvik skal dekkast.

### **Disponering**

Kommunen har meirforbruk i driftsrekneskapen. Etter rekneskapsforskrifta § 9 skal då avsetjing til disposisjonsfond reduserast og bruk av disposisjonsfond skal aukast opp til budsjettert beløp i den grad det er nødvendig for å dekke meirforbruket. Dersom desse korleksjonane var gjennomført i årsrekneskapen ville meirforbruket vore redusert med kr 1 074 702. Desse posteringane ville likevel ikkje endra sum eigenkapitalen pr. 31.12.

### **Avstemningsdifferansar**

Det er nokre område med mindre avstemningsdifferansar. Det gjeld sosiale utlån, startlån og inntektsført mva kompensasjon. Desse er ikkje vurdert som vesentlege, men ein bør vurdere om desse kan avklarast før neste årsoppgjer.

### **Oppsummert**

I revisjonsmeldinga tek vi atterhald om bygdebok ført i investering som skulle vore flytta til driftsrekneskapen. Vi tek også inn presisering om budsjett som ikkje er spesifisert på same måte i årsrekneskap som i opphavleg budsjett og vedtak KS 018/14. Andre merknader er ikkje vurdert som vesentlege i høve til rekneskapen, men bør ha fokus framover då dei er viktig for vidare økonomistyring og internkontroll.

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef